

Øyvind Nordli
på vegne av fleire, sjå liste
Holmenkollveien 127 H
N-0787 OSLO

Oslo, 15. februar 2016

Til NVE
Saknummer 201000490

Tel. 90 63 69 65
E-post: oeyvind.nordli@gmail.com

Vi viser til brev med vedlegg frå NVE av
6. januar 2016,
NVEs referanse: 201000490-73.

Fråsegn om endra plan for Kvernåe – høyringsuttale frå dei nærmeste naboane til Kvernåe

Dei er:

Magda Dalum, Dalom
Heidi Dalum, ved Dalom
Eva Marit Nordlie, Haugen
Marit Nordlie, Steinum, ved Haugen
Jann Erik Dalum, Veslhaugen
Odd Dalum, ved Veslhaugen
Bjørn Johan Traasdahl, Søre Tråsådalen, driv Søre Traasdahl hyttetun
Ole Traasdahl, Tråsådalen
Agnes Traasdahl, Skogtun, Tråsådalen
Øyvind Nordli, Legan, hytte nær Kvernåe
Brit Anne Botheim, hytte nær Veslhaugen
Solveig Thorsplass, hytte nær Veslhaugen
Lidvar Tranvåg, hytte nær Veslhaugen
Oddbjørn Traasdahl, hytte nær Tråsådalen

Berre ein representant for kvar gard eller hytte er ført opp. Til saman femner lista alle gardane som ligg nærmast Kvernåe på vestsida av Lågen, og alle hytteeigarane i same område. Namna på gardane er som på kart frå Statens kartverk og kan såleis lett finnast.

Vi stiller to krav til vurderinga av søknaden:

- 1) *Vi krev større minstevassføring enn 100 l/s ved inntaket.* Det vart gjeve konsesjon på ei sommarvassføring på 100 l/s etter dei gamle planane. Om det blir gjeve konsesjon, må minstevassføringa ved inntaket bli større enn 100 l/s fordi inntaket no blir liggjande lengre nede i åa. Avrenninga frå eit relativt stort areal sør for åa gjekk etter dei gamle planane utanom kraftverket. Den blir no teken inn. Om ikkje minstevassføringa blir auka, blir vassføringa t.d. ved den mykje brukte bruva over åa ved Floten, mindre etter dei nye planane enn etter dei gamle. Dette er den delen av åa som blir mest besøkt, så å slakke på krava her, ville i så fall vera meiningslaust.
- 2) *Vi krev at det blir halde ny synfaring.* Ny synfaring trengs langsetter den nye røyrgatetraseen, der det blir lagt vekt på å finne ut kva grunn som finst der – grus eller berg. Om det er berg, blir eit viktig spørsmål kor langt ned det må sprengjast for å få jamt fall. Blir inngrepet så omfattande at det må borast?

Vi finn følgjande feil i søknaden som vi vil gjera merksam på:

Side 9, vi siterer: «Kvennåråket er en sti som ikke er merket inn på offisielle kart, men stedvis tydelig i terrenget». Stigen er tydeleg over alt der han går, frå Svarttjørne til han møter stigen frå Bottheimssettre. Foto av stigen er vist i vedlegget 1, men biletet er teke om hausten så brunt lauv og vegetasjon går i eitt, så difor er stigen lite synleg på biletet. Ved ei komande synfaring vil ein kunna sjå slitasje som viser at stigen er mykje brukt.

Side 10, vi siterer: «I møte med NVE 19.10.2015 ble det også poengert fra saksbehandler at det var en sti langs elva ned fra Øvre Kloppe... NGK Utbygging har i ettermiddag vært en gang til på stedet og kan avkrefte at det finnes en slik sti...» Det har vore/er stig langsetter åa brukta av fiskarar. Tradisjonelt har det vore fiska frå bruva ved Nedre Floten og oppover åa. Heile vegen er åa tilgjengeleg for gange, men det kan vera naudsynt å krysse åa av og til for å koma lettast mogleg oppover. Slik har det vore gjort av fiskarane. Stigen er delvis synleg om enn ikkje langsetter heile åa, og tilgroing er her som elles eit problem ved stigar som ikkje blir rydda. Vi er redde for at hobby-fisket i åa blir borte ved reguleringa.